Hordaland
31 JAN. 1967
landbruksselskap

A.148

Gyrk

Dagbok nr.
01509 -7.3.67
NORDHORDLAND SORENSKRIVAREMBETE

05-May-2014
Dato 22/12-66 Arkiv nr.
J. nr. 1039 Ekspedert
LINDÅS JORDSTYRE

# Skyldskifte

Laurdag den 17. desember 1966 heldt me underskrivne, som er oppnemnde av lensmannen, skyldskifte på garden Hyren og Hamre

gr.nr. 137 br. nr. 23 med skyld mark 1 og 28 øre i Lindås herad.

Gerhard G. Hvidsten har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til eigedomen.1)

Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som2) ...

Ved tenesta møtte Nils Medaas, Olav Hjelmtvedt, Håkon Gl.-Frahl

Av partane3) kjøpar og selgar

Av grannane3) var tilsagde.

Til formann vart vald Nils Medaas.

Opplysningar om den/dei pant/partar av eigedomen som er fråskild:

1. Vidd: Dyrka jord 0 dekar, naturleg eng og kulturbeite 0 dekar, produktiv skog 0 dekar, anna vidde ca 1.94 dekar — i alt ca. 1.94 dekar.

2. Grensene4) til den/dei fråskilde part/partar: Grenselina tek til i sørvestre hyrna ved sjøen i tidligare utskiftningslina for gr.nr. 137 br.nr. 23 og br.nr. 14. Lina går herfra i austleg leid langs utskiftningslina 60 m til tidligare kross for gr.nr. 137 br.nr. 23 og br.nr. 14 og br.nr. 142. Her bøyer lina og går i nordleg leid 17.50 m. langs grenselina til br.nr.23 og br.nr. 142. Vidare i same leid 12.50 m langs grenselina til br.nr.23 og br.nr. 143 til nedsett merkestein m.v. Lina bøyer her og går i vestleg leid 60.30 m. til kross i fjell. Vidare i same leid 2.70 m til sjøen. Frå kross i fjell er lina 55 m i sørleg leid langs sjøen tilbake til utgångspunktet.

---

1) Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde eigedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)

2) Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve slik lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til, skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding ........... den...... 19...... (underskrift.)» Denne fråsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.

3) Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).

4) Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedomen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skrive.
Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve markeskilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den eigedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).

Nr. L. 355. Norsk Skjemaforlag, Bergen

Rettar og plikter:

Parsellen skal overta gjerdehaldet i sine liner mot sør og aust som tidlegare er pålagd br.nr. 23. I nord skal parsellen halda gjerde. Blir det seinare seld naboparsell, skal denne overta halve gjerdehaldet frå sjøen og austover i lengd 31.5 m.

Parsellen får rett til 3.0 m brei veg med grøft, skråning og turvande utviding ved tidlegare parsellveg for br.nr. 213. Vegen skal gå frå parsellens nordaustre hyrna langs br.nr. 23 si austre grenselina og kjem inn på og får rett til å nytta, mot å vera med på vidare opparbeiding og vedlikehald av tidlegare utlagde parsellveg til br.nr. 213 fram til kommuneveg. Vegen kjem innpå nemnde parsellveg med si austre veglina 4 m vest for tidligare kross i fjell for br.nr. 23 og br.nr. 208.

1. Gjeld delinga eigedom som vert nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk?[1]) nei.

2. Finn skylddelingsmennene det godtgjort at den parsellen som no vert fråskilt eigedomen skal nyttast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon?[2]) byggjetuft og nausttuft.

3. Kva rettar eller gode som høyrer eigedomen til kjem inn under delinga?[3])

[1]) jfr. § 55 i lov av 18. mars 1955 om tilskiping av jordbruk (jordlova).
[2]) jfr. § 54 (jordlova).
[3]) jfr. § 55 (jordlova).

*Me vitnar:*

a) At det ikkje er skipa nye hopehav ved skiftet. Likevel har me samtykt i at det kan vera hopehav i utmarka på denne måten: ...............

...............

...............

Me har ikkje funne det tenleg å skifta meir enn som gjort er.[1])

b) At kvart bruk har fått eit so lagleg skap for freding og drift som det er høve til.

Skylda på den/dei fråskilde part/partar er sett til mark 1 - ett - øre

...............

Hovudbruket har att ei skyld på mark 1 og 27 øre

Hovudbruket har att denne vidda: Dyrka jord 40 dekar, naturleg eng og kulturbeite 10 dekar, produktiv skog ............... dekar, anna vidde 70 dekar, i alt 120 dekar.

Den/dei fråskilde part/partar fekk bruksnamnet[2]) Kolstadnaust.

...............

Kostnaden med skyldskiftet og tinglysinga ber: [3]) Kjøper

...............

...............

...............

Me gjorde partane kjende med at dei kunne anka skyldskiftet til overskjøn, dersom dei er misnøgde med den skylda som er sett eller med det markeskillet som er fastslege. Krav om overskjøn må vera kome til sorenskrivaren seinast 3 månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Me sannar at me har gjort tenesta vår etter beste skjøn og overtyding og i samsvar med skjønsmannslovnaden.

Me har vedteke at Nils Medaas skal senda skyldskiftedokumenta til sorenskrivaren til tinglysing.

Skyldskiftemenn: Nils Medaas — Olav Hjelmtvedt

Nils Medaas (signature) — Olav Hjelmtvedt (signature)

Håkon Glatved-Prahl

Håkon Glatved-Prahl (signature)

Selger — Kjøper

Gerhard G. Hvidsten — Konrad Kolstad

Gerhard Hvidsten (signature) — Konrad Kolstad (signature)

[1]) Stryk det som ikkje skal vera.

[2]) Til bruksnamn må ein ikkje velja namn som alt er i bruk som slektsnamn, utan at det er ålment nytta, jfr. § 24 i lova om skyldskifte.

[3]) Er det ikkje nemnt, eller har ikkje partane gjort avtale om kven som skal bera kostnaden ved skyldskifte, skal skyldskiftemennene avgjera det.

Går til ........................ jordstyre.

*Fråsegn frå jordstyret:*

..............................................................

..............................................................

..............................................................

..............................................................

.................., den .................. 19.......

.................................. ..................................
formann sekretær

Går til ........................ landbruksselskap.

*Fråsegn frå fylkeslandbruksstyret:*

..............................................................

..............................................................

..............................................................

Fylkeslandbruksstyret i Hordaland har
gieve samtykkje til frådelinga og salet.
Bergen, 27/2 1967, den .................. 19.......

Olaf Dalsbø
formann fylkeslandbrukssjef

Dagbok nr. 1509/1967 dagbokf. 7 mars 1967
NORDHORDLAND SORENSKRIVARKONTOR
Ført inn i grunnboka/~~personregistret~~
den 20 mars 1967
Avskrift i skyldebok A 148 ~~pantebok B~~
~~Melding om hefte mot kr. ,—~~
~~Merknader:~~

Godteke til tinglysing .................. 19.......

Tinglyst ..................

Den/~~dei fråskilde~~ part/~~partar~~ har fått gr.nr. 137 br.nr. 268

..............................................................

..............................................................

..............................................................

For tinglysing kr..................

Alversund, 31.august 1972

Lindås Bygningsråd

5100 ISDALSTÖ

LINDÅS KOMMUNE
KOMMUNE-
01088 31.8.72
Arkiv nr. 137 -

Nabovarsel - Terje Blomseth. G.nr. 137 B.nr. 23.Alver, Alversund.

Ved henvendelse til kommuneingeniören i Lindås har eg fått opplyst at dette er eit påtenkt nybygg som der ikkje er foreteke kartforretning eller skyldskifte for.

Eg går ut frå at der blir gjeve melding om nabo varsel når kartforretning skal haldast.

Då eg har vegrett over br.nr. ~~37~~ 23 på bestemt stad og gjerde etter avtale tillet eg å gjera merksam på dette.

Gjerde i mi nordre grenseline: Avskrift av skyldskift.

"Blir det seinare seld naboparsell, skal denne overta halve gjerdehaldet frå sjöen og austover i lengd 31.5 m.

Parsellen går rett til 3.0 m brei veg med gröft og skråningar og turvande utviding ved tidligare parsellveg for bruk nr. 213.

Vegen skal gå frå parsellens nord-austre hyrna langst br.nr. 23 si austre grenseline og kjem inn på og får rett til å nytta, mot å vera med på viare opparbeiding og vedlikehald av tidligare utlagde parsell, veg til br.nr. 213 fram til kommuneveg. Vegen kjem inn på nemnde parsellveg med si austre grenseline 4 m vest for tidligare kross i fjell for br.nr. 23 og br.nr. 208."

Eg legg ved eit fotostatkopi av kart der eg har teikna inn med raudt vidareföring av veg som stort sett er i samsvar med den rett til veg som min tomt har fått ved skyldskifte.

Då eg ikkje veit om noverande selgjar og kjöpar er merksam på dette kan kartforretning ikkje haldast utan at desse rettar blir teke med og at eg blir varsla.

Eg ber om skriftleg melding at mine rettar vil blir teke med i skyldskifte når dette blir skreve.

Skyldskifte dagsett 17.desember 1966 og sköyte 29.juni 1967 kan förevisast når dette er ynskjeleg.

Med helsing

Konrad Kolstad

Originalog kopi av dette brev er mottatt.

**Lindås bygningsråd**

for

Kai Wik


DELINGSPLAN
I SAMSVAR MED BYGNINGSLOVAS
EKSISTERENDE VANNLEDNING
— " — " — KLOAKKLEDNING
FORSLAG TIL VANNLEDNING
— " — " — KLOAKKLEDNING
— " — " — TOMTEDELING
MÅL: 1:1000
Komm. ing. i Lindås, den –
Utslepp frå minimum 8 husvære
Urians'steinar
SJØKABEL
HENRIK TVEIT
STEINAR TVEIT
KONRAD KOLSTAD
GJESTDAL
GABRIEL ALVER
TOR SKAUGE
H. SYSTAD
137/142
137/186
137/14
137/268
137/211
137/208
137/213
RÆNA
UTSIKT
Z

Per Johan
**LITLESKARE A/S
MASKINSTASJON**

5100 Isdalstø
Telefon 35 05 47
Mobiltlf.: 090-51413
Bankgiro 3632.10.05718

Isdalstø, 150692

Kjell Instefjord
5102 Alversund

**Faktura** 855

Fellesveg Kjell Instefjord Gnr 137 Bnr 320
Alver Nedre Konrad Kolstad —"— " 268

Boring/sprenging for garage/vei.

| | | |
|---|---|---|
| Avtalt pris | kr | 18000,- |
| MVA | " | 3600,- |
| | kr | 21600,- |

Etter avtale er 40% utskyting av tomt, for garasje til Instefjord.
60% gjeld fellesveg for Kjell Instefjord og K. Kolstad med Kr. 13.000.-

forfall 250692

Kr. 6500 er betalt av Konrad Kolstad

Alversund. 26.06.1992 K Instefjord

Etter forfall beregnes 2 % rente pr. påbegynt mnd.

Fellesveg Alver nedre

Veglangst tomt til
Håkon Sjøstad Gnr 137 Bnr 286
Arne Aarseth " " " 321
Håkon Nesheim " " " 340
Kjell Instefjord " " " 320
til Konrad Kolstad " " " 268

Kjell Instefjord har kosta og opparbeid vegen.

For vegen slik den er idag reknar Instefjord med at det vil eit eingang tilskot som slik oppgjer på Konrad Kolstad B.nr. 268 med Kr. 7500.-
Kroner sjutusenfemhundrad—

Alversund 26/06 1992
Kr. 7500.— er idag betalt Kjell Instefjord

Kjell Instefjord